



Notat

Dato: 01.03.2017

Arkivsak: 2017/2045-2

Saksbehandlar: karnybo og gunradd

Til:	Utval for Miljø- og Samferdsel Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Sykkelparkering og tørkerom - vidaregåande skular

Fylkestinget vedtok i desember 2017 å setje av kr 2 mill til eit forsøksprosjekt for sykkelparkering/tørkerom ved vidaregåande skular. 24.01.2017 vart skulane inviterte til å melde si interesse for å få tilrettelagt sikker og sentral sykkelparkering/tørkerom i ein e-post til rektor og miljøansvarleg. 22 skular melde tilbake at dei var interesserte i å betre forholda for syklistane på denne måten.

Eigedomsavdelinga, opplæringsavdelinga, samferdselsavdelinga og regionalavdelinga har i samarbeid følgd opp vedtaket og responsen frå skulane. Prioritering mellom dei ininteresserte skulane er gjort med bakgrunn i eksisterande fasilitetar ved skulen, arbeidet med skulebruksplanen, estimat over kor mange som kan kome til å nytte tilbodet og regionsenterfunksjon. Planar for nybygg og utbetringar av vidaregåande skular i regi av Eigedomsavdelinga skal i framtida inkludere gode fasilitetar for sykkelparkering. Skular som er på lista for slik utbygging i nær framtid, er difor ikkje prioritert her.

Å byggje sykkelparkering ved Fyllingsdalen vidaregåande i 2016 kosta kr 310.000,-. Å lage tørkefasilitetar i tillegg, gjer at totalkostnaden kan kome opp mot kr 700.000,-. Innafor ramma på kr 2 mill., er det difor prioritert tre skular i første omgang, nemleg:

- Knarvik vidaregåande skole – Juvikstølen
- Stord vidaregåande skole – Saghaugen
- Olsvikåsen vidaregåande skole

Dersom det blir rom for tiltak ved fleire skular, vart det sett opp følgjande prioriteringsliste vidare:

- Langhaugen vidaregåande skole
- Arna vidaregåande skole
- Odda vidaregåande skole
- Bergen katedralskole

Fylkeskommunen har søkt Miljødirektoratet om kr 2 mill frå «Klimasats» som kan utløysast av den politiske løyvinga slik at fleire av dei vidaregåande skulane på prioriteringslista kan få sykkelparkering og tørkerom.

For meir informasjon, sjå vedlagte søknad om Klimasatsmidlar